

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV JULI - AUGUST 2006.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid
President: Hans Gisle Holstad
Visepres.: Åge Nytnun
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres.: Arve R. Røyset
Styremedlem: Johan Ole Brandal
Styremedlem: Oddvar Haugen
Ansv. red.: Sverre Bjåstad
Referentar: juli: Oddvar Haugen
aug.: Aud Grimstad

Fødselsdagar i juli/ august:

Hatlø Magnar	30.07.60
Holstad Otto	13.07.39
Kristiansen Jarle	09.07.51
Brekke Håkon	27.08.35
Dahle Halkjell	06.08.45
Dalsøren Terje	11.08.49
Holm Einar	12.08.33
Holstad Odd Arne	13.08.51

100% frammøte juli:

Svein Johs. Flø

100% frammøte august:

Johan Ole Brandal, Terje Dalsøren
Aud Grimstad, Johs J Hareide
Hans G Holstad, Håvard Myrene
Ågot Riise, Bjørn Teigene
Sigurd Bigset, Karl Johan Brandal
Svein Johs Flø, Otto Holstad
Jarle Klungsøyr, Trygve Riise

Frammøte i juli: 40,8%

Frammøte i aug.: 74,4 %

Doggdropane i graset

Doggdropane i graset ein tidleg morgon.

*Å gå ut med bart sinn, pusta inn
Den nye, ubrukte dagen. Ta imot
fargane som stig fram or disen og
kjenna at ein er til.*

*Enno eit hav av timar ventande
der framme. Enno ikkje ha trødd
spor i det landskap som skal
teiknast. Vita at der ligg det og
ventar, ventar.....*

Arne Mæland

Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – juli/aug 2006

Referentar: Oddvar Haugen og Aud Grimstad

Møte 3. juli

Juli er feriemånaden.

Det har vore presidentskifte og hjula har liksom ikkje byrja å gå skikkelig rundt i den nye organisasjonen i klubben. Sjølv om alt er på plass organisasjonsmessig er det få som møter på møte, og det var derfor lagt opp til at juli skulle vere programfri. Imidlertid vart medlemmene oppmoda om å kome med innlegg dersom det var nokon som kunne fortelje frå ein ferietur, eller hadde noko anna å yte med til felles lyst.

Møte 10. juli

Presidenten opna møtet og ynskte velkomen. Etter den tradisjonelle songen, tok John oppmodinga frå førre møte og fortalde frå ferieopphaldet sitt i Bulgaria, tidlegare i år. John har hatt hus/ leiligheit i Bulgaria i mange år og det var interessant å høyre kor det har utvikla seg der, ikke minst når det gjeld bygging av hotell, og anna som kan relaterast til turisme.

Møte 17. juli

I Hovdemyrane på Hareid er det i desse dagar stor anleggsvirksomheit. Det vert bygd ny ni hols golfbane. Gunnar Riise som er tungt inne i dette prosjektet orienterte om arbeidet, og inviterte også på synfaring. Referenten bur slik til at han har full oversikt over framdrifta på anleggsområdet, og ikkje berre det, han har også inspisert området frå lufta i ein tandemtur med paraglidar. Dette blir bra saker.

Imidlertid var referenten starta på ferien til dette møtet og fekk soleis ikkje med seg, etter det som er opplyst, det svært innholdsrike foredraget til Gunnar.

Møte 24. og 31. juli

Programfritt

Møte 7. august

Vi opna møtet som vanleg med song.

Hans Gisle Holstad oppfordra så medlemmane om å kome med forslag til songar som vi kan synge på møta. Han ville då lage eit kompendium som vi kunne ha i tillegg til songboka.

Programmet for dette møtet var lagt opp til at dei ulike komiteane sette seg saman om å utarbeide syftemål for sin komité. Dette skulle så leggest fram munnleg, før det vert levert i skriftleg form til presidenten.

Det kom også oppmoding om at frammøteprosenten til møta bør betrast. Det er medlemmar som har langt under 60 % frammøte til tross for at det er lagt vekt på at vi ikkje bør vere under denne prosent. Dette bør vi gjere noko med.

Møte 14. august

H.G.H informerte etter allsongen om kva 3 min innlegga skal ha som innhald. Dette er ei meiningsytring som ikkje skal vere politisk i bestemt retning eller ekskluderande og nedverdiggande for nokon.

John Stennes heldt så eit 3 min innlegg om innformasjonen som Bjørn Teigene kom med på eit tidlegare møte, og kva Rotary sine lover seier om slike innlegg (§ 12)

Saker av offentlig interesse kan vere orientert i Rotary, men vi skal ikkje ta standpunkt. Kritikkk skal rettast til styret og ikkje til foredragshaldar.
Bør vi sjå på samstundes oppdatere oss på Rotary sine lover og § 12?
Gruppene kom så saman og arbeidde vidare med syftemåla.
Det vart då stilt spørsmål om kva ordet syftemål sto for. Forklaringa var at ordet kjem frå det svenske språket og tyder "agenda" eller "planar".
Gruppene som var ferdige og utarbeide syftemåla sine la så desse fram for medlemmane munnleg. Den skriftlege utgåva skal leverast til presidenten.
Det var mange gode intensjonar som vart lagt fram av dei ulike gruppene.
Festkomiteen opplyste bl.a. om reke/krabbekveld hos A. Lillebø 18. sept., tur til Colourline stadion 15.10, (kamp mellom Ålesund og Bryne), Røyrafest, julemøte.
Planlagde aktivitetar som vert utsett til våren og sommaren er bl.a. tur for å sjå Eiksundsambandet, golfbana og Trandal/Øyetur.

Møte 21. august

Vi opna med songen "Ut i vår hage".

Kirsti Øvrelid heldt egoforedrag og fortalte både lett og interessant om erfaringar og hendingar i livet sitt. Ho viste seg å vere ein flink forteljar og "krydra" historia si med litt utviklingshistorie frå arbeidslivet.



Kirsti held egoforedrag og vi ser presidenten hans G Holstad i bakgrunnen.

Presidenten kom så med litt informasjon.

- Rotarystien skal ha eit par dagnadsdagar med det fyrste. Spelemidlane som det vart søkt på, fekk vi ikkje.
- Vi må finne kandidatar for ny distriktsguvernør for 2009/2010 då det snart er tid for nominasjon.
- To søkjarar til ungdomsutvekslinga etter avisinnslaget

Møte 28. august

Møtet begynte med songen "Du skal ikkje sova bort sumarnatta" etter forslag frå Ingar Bigset.

Presidenten delte så ut "Guvernørens månadsbrev" som han hadde printa ut frå "nettet". Her fann vi ei landsoversikt av frammøte, og det viste seg at Hareid Rotary ikkje har noko å skamme seg over når det galdt frammøteprosent. Vi låg over frammøteprosenten til både Herøy og Ulstein.

Elles var dette møtet programfritt, og praten gjekk livleg.

Hans G.Holstad hadde ei inforunde og minte oss på dugnaden på Rotarystien neste måndag. Det vart også opplyst at trea som er felte kan medlemmane få ta til ved om dei ynskjer det.

Vi må hugse at den 18.09 er det rekefest i buda til Arne Lillebø.

Drøsen gjekk så vidare til kl var 19, og presidenten takka for frammøtet.